

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM

Gym Stryn AS og Landslinja skiskyting - Stryn vgs.

Gym Stryn ynskjer å støtte ei viktig idrettssatsing for Stryn og skulen. Vi vil derfor tilby elevar ved Landslinja i skiskyting ved Stryn vidaregåande skule medlemskap til rabattert pris. Etter dialog med lærarar og leiing er det einigheit om følgande:

Gym Stryn tilbyr følgande:

- Medlemskap til redusert pris: kr 200,- per måned per person (ordinær pris for elevar: 299,-), og fri innmelding (ordinær pris 300,-).
- Avtaleperiode: 1. oktober 2018 – 30. juni 2019 (skuleåret 2018/2019). Ved utgangen av denne perioden vil partane evaluere den første avtaleperioden, med siktemål å teikne ny avtale for skuleåret 2019/2020.
- Alle elevar ved landslinja får tilbodet. Skuleåret 2018/2019 utgjer dette 16 elevar.
- Samla pris for skuleåret 2018/2019: 200,- * 9 mnd * 16 elevar = 28 800.
- Faktura på beløpet ovanfor vil bli sendt i si heilheit til Stryn vgs. Stryn vgs handterer eventuell innkrevjing av eigenandel frå elevane.
- Treningsareal til fellestrening (spinning, gruppesal) skal stillast til disposisjon ved behov for Landslinja. Dette skal i tilfelle avklarast med Gym Stryn i god tid slik at det ikkje kolliderer med aktivitet i Gym Stryn regi.
- Partane avtaler eit tidspunkt der alle elevar på Landslinja i skiskyting kjem samla og hentar ut nøkkelkort.

Stryn vgs bidreg med følgande:

- Positiv omtale av Gym Stryn overfor elevar, lærarar og andre samarbeidspartnarar (herunder Sogn og Fjordane fylkeskommune som er utleigar for Gym Stryn sine lokaler).
- Halde fram det gode samarbeidet som er etablert mellom Stryn vgs og Gym Stryn, som gjev verdi for både ansatte og elevar.
- Dersom Gym Stryn ved enkeltståande arrangement har behov for å låne auditorium eller andre lokaler på skulen, så får ein dette vederlagsfritt dersom det ikkje kolliderer med aktivitetar i skulen sin regi.

Signatur/ dato:

Dagleg leiar
Gym StrynRektor
Stryn vidaregåande skule